

# Thor Myklebust 80 år

Tidlegare stortingsmann, journalist og bonde



Thor Myklebust frå Uskedalen i Kvinnherad fyller 80 år torsdag 30. juni. Då han tok avskil som journalist i Bergens Tidende for ti år sidan, skreiv vi her i avisa at det var «ein liberalar av det gode, gamle

slaget» som gjekk frå borde. Bladmannen og politikaren gjekk i eitt i heile hans lange yrkesliv. Venstremannen ovra seg på ulikt vis, gjennom kommentarskriving, reportasjar — og sjølv sagt i dei mange omboda som folkevalt.

Men det er djupast sett bonde han har vore. Røtene til heimbygda og fedrearven har alltid vore sterke og ekte. I mange år som journalist i BT hadde han ein lengre vårferie kvart år for å gjera våronna på garden heime i Uskedalen. Det seier ikkje så lite om kor høgt han verdsette arbeidet med jorda. Til Bergens Tidende kom han i 1947, då sjefredaktør Håkon Torsvik greip fatt i han og gjorde han til jordbruks- og distriktsmedarbeider i avisa. Thor Myklebust reiste på kryss og tvers omkring i Vestlandsfylka, og det var knapt ein krok i

dette vidfermande området han ikkje var innom.

Samstundes voks politikaren fram. Det byrja i det små, som medlem av heradsstyret i Kvinnherad frå 1945, og sju år seinare fekk han plass i formannskapet. Like fram til 1963 var Myklebust medlem av heradsstyret, og i alle desse åra greidde han å kombinera verva i heimbygda med journalist-arbeidet i Bergen. Han var vekependlar — år etter år, og ville ikkje gro fast som bymann. Det var uskedøl og bygdemann han ville vera.

I 1965 gjekk vegen til Stortinget, der han saman med Olav Hordvik representerte Hordaland Venstrelag. I åtte år var han nært knytt til Bent Røiseland og Helge Seip, og det er inga skam i dag å omtala Thor Myklebust som ein del av det såkalla Røiseland-Venstre. Han set nok sjølv pris på å bli nemnt på den måten.

Som rikspolitikar og journalist var det samferdsla på Vestlandet som i mange år opptok han mest. Det skuldast nok all reisinga i bygdene, på smale og farlege «kjerrevegar» langs fjordsidene. Han skjønna tidleg kor viktig eit godt utbygd vegnett er for framvekst av næringslivet, og kor mykje det har å seia for distrikt-sutbygging i det heile. Thor Myklebust var nok mest av alt ein ihuga vegpolitikar, i alle fall i seinare år.

Etter at han gjekk ut or Stortinget i 1973, vart han igjen å finna i Bergens Tidende. I dei fem åra fram til pensjonsalderen var han sjefredaktør Ingem. Fænns næraste støttespelar som politisk leiarskribent.

Thor Myklebust har alltid vore ein vidsynt og romsleg kar, og som kollega her i BT sette han spor etter seg som ein munter og lun humorist. Han kunne vera alvorfull, ja, til dels gravalvorleg, men smilet og låten låg aldri langt unna. I seinare år har han ikkje vore ved så god helse. Sjølv om det er ei stund sidan vi såg han i korridorane i bladhuset, er han så visst ikkje gløymt. Dei mange vennene her sender han dei beste ønska for dagen.

OLAV GARVIK